



Kommunane i Møre og Romsdal

## Invitasjon til Aktiv omsorg konferanse i Kristiansund 14. og 15. februar 2013

### *Velkommen til konferanse!*

Fylkesmannen i Møre og Romsdal og utviklingssentra for sjukeheim og heimetenestar i Møre og Romsdal arrangerer konferanse om "Aktiv omsorg" i Kristiansund 14. og 15. februar. Vi har den store glede å invitere til ein svært spennande og annleis konferanse, der det er lagt opp til aktiv omsorg også for deltakarane.

Aktiv omsorg er peika ut som ein hovudstrategi for framtidens omsorgstenester i Stortingsmelding 25» Mestering, mening og mangfold. « [www.usht.no](http://www.usht.no) skriv: "Aktiv omsorg er en tilpasset prosess som bidrar til optimalisering av helse, deltagelse og sikkerhet. Målet er å opprettholde livskvalitet for den enkelte hele livet. Aktiv omsorg rommer aktiviteter og tiltak innen kunst, kultur, velvære, trivsel, mat og fysisk aktivitet."

Vi byr på eit rikhaldig program der deltakarane blir utfordra, berørt og berika. Her er nokre eksempel:

- Inn på tunet. Vi får høre om eit spennande eksempel frå Hordaland. Les meir om Inn på tunet: <http://www.innpaatumet.no/>
- Klokkelokvnane. Kjent frå media siste tida. Kloknane har spesialisert seg på å få kontakt med menneskjer med demens. Les meir <http://www.klokkelokvnene.no/>
- Marit Røttingsnes Westlie, også kjent som fru Timian, har skrevet 8 bøker om mat og matlaging. Kva kan vi lære av blant anna rammene rundt den tradisjonsrike søndagsmiddagen, som omhandlar hennes siste bok "Søndagsmiddag".
- Geir Hansen frå Attendo er ein fremragande føredragshaldar, og deler erfaringar om kultur og trivselstiltak blant anna frå Paulus sjukeheim i Oslo. [Sjå filmsnuttar på YouTube](#)

- Motarbeider.no nyttar utradisjonelle metodar for å bevisstgjere deltakarane om haldningar og handlingar. Vi får besøk av ”dårlig leder” Halvor Haukerud. Les meir på [www.motarbeider.no](http://www.motarbeider.no)

Med denne konferansen vil vi også bidra til å gjere Idébank i aktiv omsorg kjent i kommunane. Idébanken fungerer som ein vanleg bank, og det er mogleg både å gjere innskott og uttak av gode idear. Banken ligg på den nasjonale sida for landets Utviklingssentra for sjukeheim og heimetenestar [www.usht.no](http://www.usht.no) Eller gå direkte og [Les meir om Idébanken her.](#)

### *Gåver til kommunane!*

Fylkesmannen og USHT Møre og Romsdal gir ein aktivitetskoffert til alle kommunar som deltek på konferansen. Koffertane er utvikla av USHT Rogaland, og er eit godt hjelpemiddel til trivselskapande aktivitetar. [Les meir om aktivitetskofferten her.](#)

### *Trivsel, kultur og samver*

Vi ønskjer at sjølve deltakinga på konferansen skal speile den faglege budskapet, som det å ha noko å sjå fram til og glede seg over. Konferansen er derfor lagt til eit av årets største høgdepunkti Kristiansund, [operafestvekanen](#). I førebuingane til konferansen har vi samarbeidd med Kultur- og næringsavdelinga i Kristiansund kommune, som gjennom sin kontakt med Operaen i Kristiansund organiserer kulturinnslag under konferansen og har sørja for operabilletter til konferansepris.

Vi ønskjer hjertelig velkommen til konferanse!

[Påmelding på Fylkesmannens kursside.](#)

Med beste helsing

Marit Hovde Syltebø  
Seksjonssjef  
Fylkesmannen i Møre og Romsdal

Inger Lise Lervik  
prosjektleder  
USH Møre og Romsdal

Brit S. Krøvel  
prosjektleder  
UHT Møre og Romsdal

*Dokumentet er elektronisk godkjent og har ingen signatur.*

vedlegg: Program

## ”Maten er halve føa” Konferanse om aktiv omsorg i helse- og omsorgstenestane

*Langveien i Kristiansund. Foto Hedda Bangsund.*



*Langveien i Kristiansund. Foto Hedda Bangsund.*

**Sted:** *Thon hotell Kristiansund*

**Tid:** *14. og 15. februar 2013*

**For:** *Personell i helse- og omsorgstenestene i kommunane.*

*Tilbydarar av Inn på tunet. Andre interesserte.*

## Program dag 1 torsdag 14.februar 2013

Tid	Tema	Med kven
9.00-10.00	Registrering med kaffi og rundstykke	
10.00	Velkomen!	<i>Uavklart</i>
10.15	Kulturinnslag	<i>Operaen i Kristiansund</i>
10.30	Opningsføredrag	<i>Greta I. Hanset, rådgivar Fylkesmannen i M&amp;R</i>
10.45	Aktiv beinstrekk og mingling	
11.00	Ny dag - Nye nederlag! Korleis motarbeide aktiv omsorg	<i>Halvor Haukerud, Motarbeider.no</i>
11.45	Lunsj og sosialt samvær	
12.45	Inn på tunet, eksempel frå Hordaland	
13.15	Kultur i sjukeheim	<i>Geir Hansen, Attendo</i>
14.15	Aktiv beinstrekk og mingling	
14.30	Frå motarbeid til arbeidsmot Korleis med aktiv omsorg	<i>Halvor Haukerud, Motarbeider.no</i>
15.30	Fagleg avslutning og oppsummering.	
16.30	Felles middag	Thon hotell
18.00	Avreise Opera *	m/ Sundbåt
19.00	Opera: Konge for en dag*	Festiviteten

*\*For de som ønskjer å vere med på operaen "Konge for en dag" av G. Verdi. (Husk at billett må bestillast separat)*

## Program dag 2 fredag 15.februar 2013



<i>Tid</i>	<i>Tema</i>	<i>Med kven</i>
08.30	Søndagsmiddag	<i>Fru Timian, Marit R Westlie</i>
09.15	Kompetansehevande tiltak Aktiv omsorg	<i>Presentasjon av ulike tilbud</i>
10.00	Aktiv pause	
10.15	Klokkeklovnar Work-shop	<i>Klokkeklovnane</i>
12.00	Lunsj og sosialt samvær	
13.00	Aktivitetsdosett (filmsnutt) Informasjon om Idébank Aktiv Omsorg Utdeling av Aktivitetskoffertar	<i>Alle kommunar som deltek på konferansen får ein aktivitetskoffert i gåve!</i>
14.00	Kort oppsummering og vel heim!	USHT

### **Om operabillettane:**

*Opera Konge for en dag* av G. Verdi. Konferansepris er 360,- per billett. (Ordinær pris 425,- ) Billettane får ein ved å reservere dei på telefon nr: 71589000 som er billettluke til Operaen..

Med Verdis **Konge for en dag** byr vi på en musikalsk og visuell festaften fremført i lyset fra barokkens teatraliske overflod. Her er det ensembles virtuose lykke som skal løfte tilhørerne ut av stolene og opp på scenen for å bli med i fryden over å kunne hedre den største operakomponisten av dem alle: Giuseppe Verdi. Handlingen foregår i 1733 og har som ramme den polske arverekkefølgekrigen. Penger, kjærlighet, ekteskapsforviklinger og storpolitikk mikses med sang, musikk og visuell prakt til en uimotståelig fargerik festforestilling. Ha en sprudlende aften! (Fra Operaen i Kristiansund egen omtale: [www.oik.no](http://www.oik.no))



## Bidragstalarar og foredragshaldarar

Takk til Kultur- og næringsavdelinga i Kristiansund kommune som har bidrege med avtaler om operabilletter og kulturinnslag i konferansen.



Halvor Haukerud

«De første årene spredte vi eder og galle mest for moro skyld, men etter hvert som våre oppdragsgivere i stadig større grad ga uttrykk for nytteverdien av å jobbe med organisasjonsforverrende tiltak fant vi det naturlig å gjøre frustrasjonsheving og misforståing til kjedelig rutinearbeid.» [www.motarbeider.no](http://www.motarbeider.no)



Geir Hansen

Geir Hansen er sjukepleiar og sjukeheimsleiar i helse- og omsorgsføretaket Attendo, og har brei erfaring med etablering – og implementering av aktiv omsorg i sjukeheim.. Les meir om kultur og aktivitetstilbod ved eit av Attendos verksemder [Paulus sjukeheim i Oslo](#)



Klokkeklovnane

Klokkeklovnane beskriv seg sjølv slik:  
«Vi har spesialisert oss på å få kontakt med eldre menneske med demens. Vi er profesjonelt trente klovnar og har en unik kompetanse i å skape kontakt. Vi klarer å nå inn til de menneskene, der dette er vanskelig. På denne måten dekker vi et behov i omsorgen.» [www.klokkeklovnene.no](http://www.klokkeklovnene.no)



Gården som ressurs

Inn på tunet er tilrettelagte og kvalitetssikre tenestetilbod på gardsbruk. Dette er i hovudsak tenestetilbod i nært samarbeid med oppvekst/skole-, helse- og sosialsektor i kommunen. [www.innpaatunet.no](http://www.innpaatunet.no)



Idébanken inneheld idear til aktivitetar, verktøy og opplæringsmateriell for å lykkast med [aktiv omsorg](#). Har du realisert ein idé eller gjennomført ein aktivitet andre kan få nytte av, send den gjerne inn til idébanken.

[Nettside Idébank aktiv omsorg](#)



Marit Røttingsnes Westlie er også kjent som fru Timian, same namn som matbloggen hun skriver. Hun har skrevet 8 bøker om mat og matlaging, den siste boka heiter Søndagsmiddag. Westlie seier at hun elsker å samle familie og venner rundt matbordet både til kvardag og fest.

Påmelding: [Fylkesmannen i Møre og Romsdal Kurs og konferanse](#)